



Vinnarlaget og trenarane har alt halde saman i mange år.

Ramma var topp med ei fantastisk grasmatte og eit like strålende sommarver då J12-laga til Ternem og Uskedalen møttest til kamp i ettermiddag. Jentene på begge laga viste skikkeleg spelehumør ute på banen, og dei bidrog til at den fine ettermiddagstunda vart endå betre for dei som var publikum.



God pauseprat med frukt.

Uskedalsjentene vann til slutt med solide 7 - 2 etter å leia 3 - 1 ved pause. Ingen må likevel tru at Ternentjentene var eit dårleg lag. Dei kjem til å vinna mange kampar i løpet av sesongen, og viste mykje bra spel. Uskedalslaget viste seg svært gode. Dei har også vunne alle kampane til no i årets sesong. Grunnlaget er lagt gjennom at dei har spelt saman i mange år og har eit godt samhald. Trenarduoen, Gøril S. Eik og Roar Musland, har og vore stabile. Dei har trent jentene heilt sidan dei tok sine første spark på ballen. Det er tydeleg at jentene har lært noko gjennom åra. Her fekk vi oppleva gode forsøk på fint overblikk og godt samspel. Sjølv om det først og fremst var ein lagsiger, fekk vi også sjå fleire døme på individuelle ferdigheter. Høgdepunktet i så måte var vel då Ruth Maria Myklebust scora på frispark frå hjørnet av 16? meteren. Ho skrudde ballen elegant over muren og limte den i motsett kryss.

På sidelinja ordna foreldre med kaffi til både heimelag og bortelag, og i pausen fekk spelarane frukt medan dei lytta til gode råd frå trenarane. Neste helg skal jentene delta i Bø cup. Der var dei i fjor også. Det var tydelegvis veldig kjekt, for no gleder dei seg kollosalt til å reisa att!

Etter kampslutt samlast jentene i tett sirkel og sang lagsongen sin så det ljoma over heile Døssland. Her er teksten:

No ser vi grønt,
no ser vi kvitt.
No ser vi fotballaget mitt.
No ser vi jentene frå Uskedal,
så kom bli med og syng: USKEDAL!

Jaran J. Eide dømde kampen. Også i dag gjorde han ein framifrå jobb!



Nett ferdige med lagssangen.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland